

4

Tor Arne, Mie og Markus skal i symjehallen medan Hilde og eg er på kunstutstillinga. Hilde stressar med å sjå etter at dei har fått alt med seg.

Eg står og ventar. Eg merkar eg er utolmodig, eg kan ikkje koma meg av stad fort nok.

Endeleg er Tor Arne og ungane klare og set seg i bilen.

– OK, seier Hilde og låser.

Ho smiler mot meg.

– Då er det du og eg.

Vi går nedover mot sentrum. Eg går så fort at Hilde ler.

– Vi når fram, seier ho.

Ho smiler til meg.

– Eg har aldri vore på kunstutstilling før, så dette blir spennande.

– Eg har ikkje vore på utstilling før, eg heller, seier eg.

Hilde stoggar og ser på meg.

– Du som er så glad i bilde.

– Eg er ofte på biblioteket og ser i kunstbøker, seier eg.

Eg blir ivrig.

– Det er så mange utruleg flotte bilde i kunstbøkene, og så står det fortalt om kunstnarane som har laga bilda.

– Du er litt av ei jente, seier Hilde.

Så peikar ho mot kulturhuset.

– Oi, sjå.

Det står fullt av folk der utfor døra og ventar.

Vi går litt fortare no, og akkurat då vi er framme, opnar dei dørene så folk får koma inn. Vi følgjer med flokken. Det dunkar i meg der eg held meg tett ved Hilde.

Det er nesten berre vaksne her. Berre ein einaste er på min alder. Ein gut som eg aldri har sett før.

Det ser ut som om han er aleine.

Likar han også bilde? Han gjer vel det, sidan han er her.

Eg ser etter han der han smett inn døra framfor

meg, men så gløymer eg han. Vi er inne.

Ei dame står med eit brett med drikke, og Hilde tar eit glas. Eg har ikkje tid til å stogga, eg må sjå.

Alle veggane er fulle av bilde. Nesten alle bilda er av tåkelandskap. Det er hus i skodde og natur i skodde, og så er der lysningar bak.

Eg leitar berre etter eitt bilde, bildet som var på plakaten. Bildet av kvinna i den kvite kjolen.

Og så ser eg det. Det er som om hjarta mitt hoppar over eit slag, eg blir ør og rar.

Eg skundar meg bort til måleriet. Det er stort, og endå finare her enn på plakaten. Kvinna i den kvite kjolen svevar nesten framover, som om ho vil ut av tåka og berre vil fram til lyset.

Og så ser eg tittelen på bildet.

Ein støyt går gjennom meg.

«Du vel din veg».

Eg står der og ser på bildet, og alt anna blir borte. Eg høyrer ikkje stemmene, høyrer ikkje latteren, eg ser berre kvinna som står der i tåka og vel å gå mot lyset.

«Du vel din veg».

Kan ein alltid velja?

Mamma kan ikkje velja seg frisk. Eg kan ikkje

velja meg ein heim med mi eiga mor og min eigen far og eigne søsken.

Kva kan ein velja? Kva kan eg velja

Det prikkar i armane mine, prikkar i hovudet, som om noko veldig viktig skjer. Som om bildet fortel meg noko eg ikkje må mista.

Eg kan stå her og sjå på bildet resten av dagen.

Då står brått kunstnaren der ved sida av meg.

– Likar du det? spør han.

Han nikkar mot måleriet. Og eg nikkar også, og greier harka fram eit ja.

– Det er så ...

Eg leitar etter ord, det finst ikkje store nok ord.

– Bildet snakkar til meg, seier eg høgt.

Han legg handa på skuldra mi.

– Det er bra.

Då er Hilde der.

– Der er du, Thea.

Ho bryt all magien eg kjenner ved at kunstnaren står og snakkar med vesle meg, at han står her og spør meg om eg likar bildet hans, bildet som er heilt magisk sjølv.

– Fine bilde, seier Hilde til kunstnaren.

Så peikar ho på meg.

– Thea teiknar også, seier ho.

Eg vil døy. Korleis kan ho seia slikt. Kinna mine brenn. Noko så innmari flautt.

Kunstnaren ser på meg.

– Hald fram med det, viss du må.

Nokon nappar i han og vil ha han med. Men eg står att, og alt i meg brenn. Hald fram viss du må, sa han. Og det er akkurat slik det er. Eg må. Eg kan ikkje la vera.

Hilde vil ha meg med rundt. Eg kan ikkje berre stå ved det eine måleriet. Først er eg litt motviljug til å gå vidare, men så blir eg gripen av fleire bilde. Ingen av dei verkar akkurat slik på meg som det første, men det er noko mystisk med bilda, noko som lokkar på meg.

Eg stoggar framfor eit bilde av eit gammalt raudt hus inne i eit tåkelandskap. Det står nokre tre også inne i tåka, det er så flott.

Eg snur meg mot Hilde, men så er det ikkje Hilde som står ved sida av meg, men guten eg la merke til då vi gjekk inn. Han står også og studerer bildet. Han nikkar mot det.

– Sjå, seier han.

Eg ser der han peikar, og så oppdagar eg eit

rådyr inne mellom trea. Det er nesten heilt gøymt.

– Ja, seier eg overraska.

Guten ser på meg og smiler fort. Så står vi der berre. Hilde har møtt nokon ho kjenner, ho er i ivrig prat.

Eg gløttar bort på guten. Eg undrast kven han er. Han går i alle fall ikkje på same skulen som eg, og eg trur ikkje eg har sett han før. Men han likar bilda, det er tydeleg. Han står der og står der, akkurat som meg.

Hilde vinkar på meg, og eg går vidare. Men så må eg berre tilbake til kvinna i den kvite kjolen. Kvinna på veg mot lyset.

«Du vel din veg».

Eg les orda ein gong til. Eg står der like til Hilde nappar i meg og seier vi må gå. No er nok Tor Arne og Mie og Markus snart tilbake frå symjehallen.

Eg nikkar, men må berre ha ei ørlita stund til. Eg er rar i heile kroppen, eg er annleis, nesten som om eg svevar med kvinna der på bildet.

I døra snur eg meg for å sjå bildet ein siste gong. Kunstnaren ser rett mot meg, så vinkar han.

Wow. Han vinkar til meg.

Hilde pratar som ein foss på heimvegen.

– Dette var kjekt, seier ho.

Ho ler mot meg.

– Eg trudde ikkje eg skulle lika det så godt. Og så møtte eg fleire kjende.

Eg høyrer ikkje etter. Eg er i mi eiga verd, akkurat som inne i ei glasklokke.

Bilda er med meg, inni meg. Det er sprøtt. Men fint.

Ein augneblink lurar eg på kven guten var, han som også likte bilda.

Opplevde han det same som meg?